Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fjell

Emne: Húsråd – kjerringråd

Bygdelag.

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Nessjöen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1.
Ja, det har skiftet veldig mykje, i manns minne.

Sp. 2. Det er litt vanskeleg å svara på, og råder som var brúkt for å verja seg mot smitte, var vel ymse.

Vil nemna, at det var ei útbreidd trú her, at karfolk som brúkte skrå-tobakk, var ikkje so mottakeleg for innvortes smitte, som dei var, som ikkje brúkte det.

Kan kenda det var ein av grúnnane til, at 70–80 % av dei vaksne mannfolk brúkte skråtobakk för i tida.

Ååt det so röykte dei pipa, istappa karva skråtobakk!

Det var helst etter måltidene pipa var ibrúk, og stova var ofte halvfúll av sterk tobakksröyk.

Har höyrt at kvinnene i eldre tid, hadde brake-bar (einerbær) å tygge på, for a verje seg mot smitte.

16123

Sp. 3
Folk flest hadde vel ikkje medisiner liggande ferdig til ei kvar tid, men mange hadde emne, so som tran, som dei brukte til medisin på brannsår. Mykje av folket her kring Bergens=kanten dreiv fiske, ved sida av den vesle garden, og difor hadde dei fiskelever som dei kokte til tran.
(Mange eldre folk kalle tranen for lyse.)
Tran var ogso brukt til medisin på forstuving av anklar og ledd. Ein varmde då tranen so varm, som pasienten kunde tola han, og gnidde han på den ömme lekamsdelen.
Mot influensa var ofte brukt varm mjolk med pepar i.
Dei som hadde råd til det, tok seg ein stor dram brennevin. So la dei seg ned og bröydde mykje klede på seg, so dei fekk sveitta.
Når ein frå sår, særleg i fingrane, fekk blodforgiftning, slik at det synte seg ei raud stripa langt oppover armen, so var det mykje brukt som eit husråd, at ein tok tjukk sur mjölk, som ein la over stripa.
Når det galt sår ein var uheldig og skar seg med kniv, eller ein kunde slå seg elles,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16123

so var det mykje brúkt, at ein hadde úrine i, eller på såret.
Som eit húsråd var marra-mjölk brúkt som medisin, for å lindra og helbreda kikhoste.
Sp. 4
Nei, det var det ikkje.
Sp. 5. Det var ikkje vanlegt her.
Sp. 7 Det er úkjendt.
Sp. 8. Har höyrt namnet „divelsdrekk", men har ikkje greia på, korleis den var brúkt.
Om spörsmåla vidare til og med 15 kan berre seiast, at det har ikkje vore mykje brúkt her.
Om giktringjar har eg skreve det eg veit, för.

II

Bygdelækjarar var her ikkje her på Sokka, so vidt eg veit. Dei som laut ha lækjar, måtte venda seg til Bergen, eller få lækjaren til heimen sin.

Ja, dette er alt eg veit om dette emne, so resten av spörsmåla er om ting, som ikkje er kjendt her.

16123
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING